



Gamleskulen som Uskedal Utvikling driv er under stadig opprusting innvendig og utvendig samstundes som huset vert nytta meir og meir, Det siste som har hendt er at straumfosyninga har vorte sikrere og fått større kapasitet. Dei siste 50 metrane frå ein stolpe og fram til huset er lagt over frå luft til jord.

Arbeidet i kjellaren går også sin gang utan at det førebels er teke noko avgjerd om kva den skal nyttast til. Men no er i alle fall kloakken ordna, fortel 'gammelskulesjef' Janne Olsson.

Cafe Tlaren på tysdagane har mange vener i bygda, det ser ein på frammøtet av trufaste kundar. Enno er det for tidleg å veta om det kan verta ny besøksrekord i år,men det ligg godt an.

Til dømes vart det i juli seld for over 10 000 kroner med rundt rekna 2 500 den beste salsdagen. I august gjekk trafikken naturleg nok attende og då selde dugnadsdamene for 6 700. I august og til no i september har besøket vore svært stabilt - det har lege mellom 40 og 55 besøkande, vaksne og ungar rekna under eitt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen